

# Sammendrag på norsk

## HEIME

### Heime hjå oss (*side 16-21*)

Huset som vi bur i flytta eg hit i 1967. Sidan den gong har vi bygd på fleire gonger etter kvart som det har vore behov for det. Dei fleste romma er dekorerte i ulike stilartar. Dette er ikkje nødvendigvis eit bevisst valg, men snarare ei naturleg utvikling. Ofte har eg ‘prøvd ut’ nye idear her som eg seinare har vidareført i andre interiør.

### Idstad gard (*side 24-25*)

Idstad er ein av dei mest tradisjonsrike gardane i nærleiken av oss. Stova er her fargesett i ‘gamalrosa’, medan kjøkkenet er blått slik det var vanleg på gardar i eldre tid. Under oppussing av kjøkkenet vart det oppdaga at det var mykje tomrom over himlinga, så vi utnytta dette til å skape eit ‘kistetak’.

Vi har brukt mykje marmorering i desse interiøra, særleg på dører i kjøkkenet, men også på bjelkane i stova. I Noreg vart marmorering tradisjonelt brukt som ein mykje meir ekspressiv teknikk enn på kontinentet, der det ofte vart lagt mykje arbeid i å etterligna marmor.

### Karlberg (*side 26-27*)

I dette ferdighuset har dei fleste romma både tak og veggar i huntonitt. I stova har vi skapt eit ganske tradisjonelt interiør med raudre møblar og lyse blågrøne veggar. Vi laserte veggane for å få ei meir levende overflate, og eg måla ‘Valdres roser’ langsetter taket. Dette er ei type dekorasjonsmåling som tidlegare var mykje brukt i Valdres.

### Molor Gard (*side 28-29*)

Molor Gard er ein gammal gard der hovedbygningen har vorte kraftig renovert og modernisert. Eg hadde eit godt samarbeid

med eigarane her både når det gjaldt teikning av påbygget, uttakking av fargar og dekorering.

### Åsen gard (*side 30-31*)

På denne garden har dei ei ‘finstogo’ med møblar i dragestil. For å skape eit interiør som passar til denne stilten, ruta vi opp taket på ein måte som tek att forma på stolseta. Takpanela har heraldisk-inspirerte ornament.

Stova i den andre enden av huset er meir klassisk i stil, her har vi måla burgunderraudre veggar kombinert med ein frihandsdekorasjon i taket.

### Øvre Hande gard (*side 32-35*)

Denne gardsbygningen i Røn, Valdres, har to flotte stover. I den første stova er det antikke rokokko-møblar, så her har vi skapt eit gjennomført rokokko interiør. Veggane, som ser ut som dei er dekka av gult silketapet, er faktisk berre gulmåla plate-veggar med striper i blank lakk på toppen.

Den andre stova har eit fullt sett av stolar i gyldenlær. Her har vi skapt eit interiør med kineseri-landskap på veggane. Kineseri trenden spreidde seg frå kontinentet til Noreg på 1700-talet. Som namnet tyder på, var det handverk importert frå Kina som var opphavet til denne typen dekor. Kinesisk kunsthandverk er ofte dekorert med landskapsmotiv som inspirerte europeiske handverkarar til å måle etterligningar. I Noreg fekk mange herskapshus og stor-gardar rom med kineseri-landskap på veggane.

### Øvre Skjefte gard (*side 36-37*)

Dette er eit av dei tidlege interiøra eg måla, ein gong på syttitalet. Kari og Ola, som bur her, ville gjerne ha eit tradisjonelt interiør, men likar därleg glatt ‘imitasjons-rose-måling’ som ein så ofte ser. Spesielt taket er derfor grovt måla med kraftige penselstrøk som går på tvers av hovedformene.

### Rostbøll (*side 38-41*)

Dette gamle småbruket i Røn, Valdres er no bustad for prest og forfattar Erik Rostbøll, som har flytta hit frå Danmark. Huset ber preg av at det er verdsvande folk som bur her — gjenstandar frå mange reiser over heile verda er samla her. I spisestova er stilten rustikk, nesten middelalderaktig.

Kontoret ved sidan av har eit tydeleg britisk preg — paret budde i mange år i nærleiken av Cambridge. Taket er dekorert i ‘Elisabethansk’ stil, med fargar som står bra både til møblane og til dei mørke bokryggane med gullskrift.

### Nerre Kvissel gard (*side 42-43*)

Heidi som bur her, har hjelpt meg med mange dekorasjonsoppdrag både i inn- og utland. Ho har gjort nesten alt det praktiske arbeidet her sjølv, eg har hjelpt til med uttakking av fargar, teiking av sjablongar og litt frihandsmåling. Det mest karakteristiske her er kanskje golvet i ‘gamlestogo’, som er dekorert med ein breid sjablongbord i raudt og gull.

### Nordsveen gard (*side 44-45*)

I nye hus, slik som dette i Røn i Valdres, synest eg sjeldent det er naturleg å prøve å lage eit heilt tradisjonelt interiør. Eg vil beskrive resultatet her som forholdsvis klassisk og tidlaust, med ei blanding av norske tradisjonar og kontinentale påverknader. Særleg entreen med barokk-inspirerte blomsterdekorasjonar og påfuglar på dørene, kunne like gjerne ha vore i Italia eller Østerrike.

### Bergsjø, Hallingdal (*side 47-49*)

Denne hytta på fjellet i Hallingdal er dekorert i tradisjonell Halling-stil. Skråtaket i stova var for stort til å fylle det med ein dekorasjon, så vi delte opp denne flata med listverk og fekk tre dekorerte felt.

### Åsane, Bergen (*side 50-53*)

Dette huset i Åsane kommune utanfor Bergen er faktisk identisk med eit hus på Fagernes, bygd av ein kjenning av eigaren. Han likte dette huset så godt at han ville bygge eit som var heilt identisk. Eg dekorerte huset på Fagernes, så eg fekk dermed oppdraget med å dekorere her også.

Huset er ein god del større enn det ser ut til utanfrå, med ein stor hall midt i huset. Denne hallen er enkel og klassisk i stil, medan soveromsfløya er rikare dekorert med meir tradisjonell fargesetting. Eg gjer sjeldent ting heilt likt to gonger, og resultatet her vart kanskje minst like bra som i det ‘originale’ huset.

### Berg, Fagernes (*side 54*)

Fra denne stova er det flott utsikt over Strandefjorden. Ettersom det ikkje er innsyn utanfrå, er det ikkje bruk for gardiner. I staden har vi laga dekorative stråmotiv i felta mellom glasa. Det var særleg det store flate taket eigarane ville ha dekorert her. Eg måla dekorasjonar på plater som etterpå vart monterte opp i taket. Dette gjev også ein reliefverknad som hjelper til å bryte opp den store flata. Fargene i taket reflekterer tregolvet, dei trekvite møblane og skinn-salongen.

### Bjørhei, Lomen (*side 55*)

Denne gamle, freda bygningen i Lomen, Valdres er også privat galleri for akvarellmålaren som bur her. Ho har vanlegvis veggane fulle av måleri, så det trengs ikkje så mykje ekstra dekor. I slike tilfelle er det spesielt viktig å få ei skikkeleg ramme på interiøret. Her har vi derfor måla golvlista og dørrammene mørke for å gje meir tyngde nederst. Langsetter taket har vi måla ein lett drue-ranke.

## PÅ JOBB

### Valdres Gardsbryggeri, Volbu (side 58-61)

Valdres Gardsbryggeri er truleg det minste kommersielle bryggeriet i Noreg. I dette ombygde fjøset har det vorte både praktiske produksjonslokale og ein koseleg pub. Bryggekjelen er rett bak baren i det same rommet der serveringa finn stad.

Interiøret er prega av enkle materialar og kraftige, handlaga møblar. Eg har her brukte ein enkel, rustikk stil i varme jordfargar med figurar omkransa av rose måling.

### Lyskapellet (side 62-65)

Det såkalla lyskapellet er ein del av Beitostølen Helsesportsenter og vart oppført som eit minnesmerke over grunnleggaren Erling Stordal. Glasmåleriet som dominerer kapellet vart skapt av Ferdinand Finne kort tid før han gjekk bort.

Kraftige bjelkar formar ei stjerne som fyller det femkanta rommet frå hjørne til hjørne. Vi forgylte bjelkane med bladgull og måla ein lett drueranke oppå. Taket er mørk blått med stjerner i gull.

### Bergo Hotell, Beitostølen (side 66-67)

Med enkle middel har vi her fått til ei koseleg kjellarstogo. Veggdekorasjonane er basert på historia om ridderspranget. Denne lokale legenda skildrar korleis ein riddar frå Valdres forelskar seg i ei jente frå ein rivaliserande familie i Gudbrandsdalen. Dei rømer saman, men blir forfølgde. Det siste panelet viser korleis dei slepp unna ved å hoppe over Ridderspranget, ei djup kløft på fjellet mellom Valdres og Gudbrandsdalen.

### Fagernes Hotell (side 68-71)

På Fagernes Hotell har eg hatt dekorasjonsoppdrag fleire gonger. Matsalen har eit stilfullt, kontinentalt preg dominert av mørke tonar og messing. Her fekk vi bygd om himlinga for å skape skråpanel med store sjablongar i gull. I 'Klokkarstua' og

'Grillstuene' er det satsa på eit meir intimt preg med meir tilknytning til Valdres. Den såkalla 'blåsalen' er kanskje det mest karakteristiske rommet på hotellet, og etter mi meining eit av dei mest særprega og harmoniske interiøra eg har skapt.

### Øystre Slidre Folkebibliotek (side 72-73)

Dette er eit av dei få store dekorasjonsoppdragene eg har hatt i offentlege bygg. I likhet med dei fleste andre bibliotek er det lite fri vegglass her, og interiøret er dominert av reolar med fargerike bokryggar. Vi bestemte oss for å utnytte den ledige vegglassen over hyllene og skape ein sjablongfris rundt heile rommet. Dette er mellom dei rikaste sjablongane eg har laga — opptil åtte forskjellige fargar vart trykte etter kvarandre.

### Volbu Kyrkje (side 74-75)

Så lenge eg kan hugse har inngangen til Volbu kyrkje vore ganske grå og kjedeleg. Ein ny prest vi hadde for nokre år sidan ville gjerne gjera noko med dette. Han var redd det ville bli for komplisert dersom både prost og riksantikvar skulle innblandast, så han gjorde fort og greit undermålinga sjøl og fekk meg til å dekorere. Resultatet vart bra, så ingen har klaga på denne avgjerda.

### Filefjellstuene (side 76-77)

Filefjellstuene er ein overnatningsplass og restaurant nær Tyin i Vang, etter hovedvegen mellom Oslo og Bergen. Med rik tilgang på gode råvarer, stor fagkunnskap og fantasi, har dei etter kvart fått seg eit namn som ein av dei mest interessante serveringsstadane i distriktet.

### Valdres Vidaregåande Skule (side 78-79)

Denne salen i avdelinga for hotell- og næringsmiddelfag blir brukt både som kantine og i undervisninga for kokkefaglinja. Dei ville her gjerne ha eit rom med meir restaurant preg som ville gje studentar og

tilsette ein meir inspirerande arbeidsplass.

### Universitetet i Oslo (side 80-85)

Desse romma er kjellaretasjen i eit hybelhus i studentbyen på Sogn. Ein ynskte her å skapa eit festlokale inspirert av norsk tradisjon og bygdekultur. Med dette temaet sette vi i gang med å dekorere 'Valdresstuene' som desse romma no blir kalla. Den største utfordringa her var ein lang sal som tidlegare mest var brukt som lager. Her skapte vi ein 'riddersal' med middelalder-inspirert dekor og langbord som fyller heile salen.

### Vesterland Hotel, Sogndal (side 86)

Dette 'meditasjonshuset' er ein del av Vesterland hotel nær Sogndal. I denne vesle bygningen finn du både boblebad og sauna i tillegg til dette meditasjonsrommet. Her har eg laga enkle, abstrakte dekorasjonar som på mange måtar har den same funksjonen som glasmåleri har i eit kapell.

### Utladalen Naturhus, Øvre Årdal (side 87)

Denne låven ved inngangen til Utladalen fungerer på sommarstid som ein informasjonsportalen for folk som finn vegen hit. Rundt i rommet er det mykje informasjon om området, medan endeveggen er tenkt som ein visuell introduksjon til denne dramatiske dalen.

### Dekorativ kunst for vår tid (side 88-91)

Det er ikkje så mange moderne interiør der tradisjonell dekor og rose måling er heilt passande. Eg har derfor i mange år vore oppteken av å vidareføre og gje nytt liv til folkekunsten. Opp gjennom åra har eg utvikla ei rekke stilartar som er baserte på norske tradisjonar, men prøvd tilpassa moderne materialar, møblar og byggeskikk.

Eg har måla ein heil del studier på lerret, eit par av dei er viste her. Tanken med desse dekorasjonane var hovudsakleg at dei kunne reproduserast i stort format direkte på vegg, spesielt i offentlege bygg.

## USA

### Binkhaven, Wisconsin (side 94-97)

Når du kjem til dette feriehuset i Wisconsin er det lett å tru at du er i Noreg. Dei to stabbur, som her blir brukte som gjesterom, er faktisk bygde i Telemark og frakta over til USA i deler. Desse husa er rikt dekorerte, slik det gjerne var vanleg i Telemark. I hovedhuset har eg rose måla himlinga og dekorert mange detaljar rundt om i huset.

### Ann Sather, Chicago (side 98-105)

Ann Sather er ei kjede av 'svenske' restaurantar i Chicago. Eg fekk det første dekorasjonsoppdraget her via ein kjenning, og sidan det har eg vore over kvar gong ein ny restaurant eller cafe har opna.

Til den første restauranten laga eg dekorasjonar over temaet 'Nils Holgerssons vidunderlige reise'. Seinare har det vorte ikkje berre svenske tema, men også norske. På dei mindre cafeane har dekoren lite direkte skandinavisk tilknytning.

### Vesterheim, Decorah, Iowa (side 106-109)

Vesterheim Norwegian-American Museum i Iowa er faktisk det største etniske museet i USA. Eg har hatt kontakt med museet gjennom mange år, særleg med organisering av kurs i rose måling.

Då museet fekk ny administrasjonsbygning, vart eg gjeven oppdraget med å dekorere interiøra. Det var sjølv sagt interesse for å ha eit tydeleg norsk sær preg, så i forsamlingsalen brukte eg primstaven som utgangspunkt. Kvart veggfelt representerer ein månad og illustrerer dei viktigaste merkedagane. Under felta er dei tilhøyrande primstav-symbola viste saman med utvalde rim knytta til merkedagane.

I korridoren som leier inn til dette rommet har eg måla folk i bunadar frå heile landet, med stiliserte landskap frå dei ulike distrikta i bakgrunnen.